



Uskedalsfjella sett frå Stord I denne veka. (Foto: Harald Sætre)

- Det er ikkje kvar dag i 2007 at ein kan stå på dekket til ein dampbåt på veg inn Hardangerfjorden og sjå Uskedalsfjella, seier båtbevarar og uskedeling Harald Sætre. Tirsdag i denne veka var han med då veteranbåten DS Stord 1. bygd i 1913, gjekk frå Bergen til Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund for innreiing av to salongar.

Det var meininga at båten skulle gå gjennom Storsundet og altså forbi Uskedalen. Men forseinka avgang gjorde at den måtte ta strake vegen innover fjorden.

I første omgang er det innreiing av salonghuset, med dame- og røykjesalong samt nedgang til 1. plass akter, som skal gjerast ferdig. Dette arbeidet skal vera fullført i løpet av våren.

Det er meininga at båten skal vera med ved einskilde kulturarrangement samt gå nokre turar med passasjerar til sommaren.

Til hausten skal så arbeidet med innreiing av 1. plass salong og lugarar ta til. I tillegg skal det leggjast tredekk på shelterdekket og dette arbeidet skal vera ferdig i løpet av 2008. Framdrifta avheng av tilgangen på økonomisk støtte, seier Harald Sætre.

Det var i fjor haust Stord I vart formelt overført til ein eigen stiftelse. Men det er framleis medlemmene i veteranskipslaget Fjordabåten som skal ha ansvaret for vedlikehald og bemanning av gamledampen, Ved årsskiftet var det lagt ned arbeid for 11,5 millionar i prosjektet etter brannen i 1987. I tillegg kjem verdien av utført dugnadsarbeid, varer og tenester.

Av Ola Matti Mathisen



Stord I og Granvin ved kaien i Norheimsund. (Foto: Harald Sætre)